

Arkivnr: 2017/121-1  
Saksbehandlar: Hanne Espe

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.01.2017

**Utviding av tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom frå 2017****Samandrag**

Fylkestinget vedtok 14. desember 2016 å løyve kr 200.000 til dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt.

Fylkesrådmannen foreslår, i samsvar med føringar i Regional kulturplan 2015-2025, å inkludere desse midlane i tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom frå 2017. Målet for ordninga er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet.

Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt vert sett opp som eit nytt punkt under prioriterte prosjekt i retningslinene for ordninga, og det vert løyvd minimum kr 200.000 til søknadar knytta til dette føremålet.

Dette er med på å forenkle prosessen for eksterne aktørar med å søkje og rapportere på ulike tiltak. Den interne sakshandsaminga der fylkeskommunale ordningar vert sett i samanheng med ulike statlege tilskotsordningar fylkeskommunen forvaltar, vert også enklare. Samstundes vil det bidra til å sikre at midlane vert nytta til å realisere mål og tiltak i regional kulturplan innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Søknadsfristen for ordninga er 15. februar og saka vert handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 26.-27. april. Alle søkarar får svar innan 15. mai.

**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek dei nye retningslinene for tilskotsordninga *Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom - retningsliner